


*“Ka i alle dagar....?”*



svanhild latorre weibei

s v a n h i l d   l a t o r r e   w e i b e l

# “Ka i alle dagar...?”

# “Ka i alle dagar...?”

“Har eg ikkje fantasi?”

Frustrerende tanke når du vil bruka livet på å skapa bilder.

“Korleis kan eg lokka fantasien fram?

Hjelp det med skriving?”

Og skriving blei det. Ikkje berre litt, eg blei hekta.

I tillegg kom fantasifulle tegningar på papiret.

For fantasien dukka opp igjen!

Tekst og bilder blei inspirert av livet:

Stort og smått frå kvardagen,

å vera tenåringsforeldre,

samhandling oss mennesker imellom,

å føla seg liten,

å føla seg stor,

optimisme, pessimisme,

og

om det å sitta som privilegert nordmann

i denne kaotiske verda.

Som du sikkert har gjetta nå, blei jakta på fantasien til dei to bøkene

“Ka i alle dagar...?”

og

“Javel?”

I illustrasjonane har eg med vilje latt eg-personen ha ulike skikkelsar.

Eg trur mange av tankane og følelsane er felles,

og eg vil unngå at det kun skal dreia seg om den middelaldrande

dama med krøllete hår.


Håpar du får ei god stund med boka,

og at du lar tekst og bilder flytta inn til ditt eige liv og erfaringar.

Senk skuldrane og kos deg!

*Svanhild L.W.*

*Adelante*



Hjula  
går rundt og rundt.  
Alltid travelt.  
Og det er snart jul,  
då må hjula gå enda fortare rundt.  
Og vi kan gå rundt i  
kjøpesenter  
og vi kan gå rundt  
julatre.  
Vi kan gå rundt i huset  
og grubla litt.  
Og vi kan gå rundt å stressa  
oss halvt i hel,  
og det er  
ikkje bittent løye at det går  
rundt for oss.  
Vi kan gå rundt å hjelpa andre,  
og vi kan gå rundt å ha  
dårleg samvittighet  
når vi ikkje klarar å hjelpa andre.  
I tillegg så er det snart valg,  
og politikarane går  
rundt og rundt  
grauten,  
og det er til å bli svimmel av  
synest eg.  
For vi går alle  
rundt og rundt  
og rundt  
og rundt  
og rundt...

Har vi det travelt?




Vel, vel.  
Atter ein dag der dei RIKTIGE,  
viktige orda  
er langt vekke.  
Kva ord kan eg henta fram i dag?  
Merkeleg følelse,  
at når du av og til  
har desperat  
bruk for dei,  
føles hovudet tomt...

Det kan skje når du skal  
skriva,  
eller når du i  
møte med andre vil forklara  
nøke veldig smart,  
med skikkeleg flotte,  
intelligente  
ord.  
Og så er hovudet plutseleg  
tomt!  
Det som var så stappfullt  
for eit lite augneblink sidan...  
Tomt.  
"Det sorte hól".

Så kjem kanskje ord ut allikavel.  
Men noken tuslete små,  
som ramlar litt sidelengs ut.

Irriterande.  
Sjukt irriterande.



Fuglekvitter!  
Du kan vel ikkje få betre  
selskap på din  
morgonspasertur?  
Morgonen er plutselig  
blitt lys,  
og du kjenner at det er  
på tide å knappa opp  
vinterjakka.  
Og fuglane syng.  
Du ser dei set så  
fornøgde  
i toppen av dei ennå  
vinternakne trea.  
Og dei syng og syng.  
Syng som gale!  
Inni meg syng eg og.  
Og inni meg hoppar og  
spretter og dansar eg.  
Mens eg har full jobb  
med å passa på at det  
ikkje slepp ut.  
Snart vår! Og vi skulle  
alle ha jubla som fuglane...  
Sant?



Av og til er eg så smart.  
Orda fossar ut av meg  
fortare og  
fortare og  
fortare.  
Eg vil fortelja heile verda  
kunsten med å leva,  
eller å lesa,  
eller kanskje å strikka,  
eller alt muleg  
smått og stort  
du kan tenka deg.

Men så,  
midt i flommen av ord,  
oppdagar eg at mine  
smarte ord er gått over til:

Bla.  
Bla, bla, bla.  
Bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla, bla.  
Bla, bla, bla!  
Bla?  
Bla, bla, bla.  
Bla, bla, bla, bla, bla, bla.  
Bla.


Ikkje alltid lett å bremsa ordfossen...unnskyld!  
Bla.



Nettopp ferdig med lunsj.  
Masse lunsj.  
Uvanleg stor lunsj i dag.  
Sunn lunsj,  
men ikkje sunne mengder.  
Korfor så store mengder?

Eit knekkebrød for  
frustrasjon i  
mitt kunstneriske arbeid.  
Eit for å lindra alt for mykje  
krangling i heimen.  
Eit for litt av dei mengder  
med bekymringar som  
surrar rundt i heile meg.  
Og eit fordi den osten  
med paprika på,  
var vanvittig god i dag.

Og så til slutt;  
ein yoghurt til dessert,  
for å feira at livet er  
uansett,  
veldig bra...




Fotball.  
Veldig seriøse greier.  
Klart dei store gutane som  
leikar med ein ball,  
må tena  
Millionvis.

Boksing.  
Veldig seriøse greier.  
Klart dei store gutane som  
leikar med å slå kvarandre,  
må tena  
Millionvis.

Aksjemeklar.  
Veldig seriøse greier.  
Klart dei store gutane som  
leikar med pengar,  
må tena  
Millionvis.


Tilsette i omsorgsyrke, i  
skular og barnehage.  
Seriøse greier?  
Kva er det dei trur, dei  
folka som tar vare på oss?  
Trur dei at dei har fortent  
lønnsauke igjen!?  
At dei liksom skal tena  
Millionvis?  
Galskap!





Dagane  
er lengre,  
himmelen  
er blåare,  
sola  
skin sterkare,  
menneska  
er gladare,  
skiten på vindauga  
viser betre,  
støvet  
fyker viltare.

Nå er mørketida snart  
over,  
og vi får  
vår...




Vi har eit grått,  
pelsaktig pledd i sofaen.  
Mjukt og godt.

Vi har ein grå,  
pelsdekk katt.  
Mjuk og god.

I dag kikka plutseleg  
pleddet på meg,  
med to flotte,  
gul-grønne auger.  
Ein grå hale begynte å røra på seg.

Før  
hadde vi eit grått,  
pelsaktig pledd.  
Nå har vi katt i sofaen.  
Og katten  
har eit mjukt og godt,  
grått, pelsaktig pledd.

Frekke katten!



Interessant å høyra på radioen.

Akkurat nå  
snakkar ein ivrig herremann,  
ein "stylist",  
om kva vi bør ha på oss  
denne våren.  
Viktig å ikkje gå glipp av  
denne veldig viktige  
informasjonen.  
Kva skulle vi gjort då?  
Vi kunne jo risikera å sjå  
heilt feil ut...  
Dytta rett i tapar-klassen  
med ein gong?  
Korleis har vi det i den klassen?

Ikkje så verst trur eg.

Forresten,  
No blei eg glad!  
Eksperten, stylisten,  
seier at:


"Det er lov å bruka behagelige klær.  
Og det er lov å tenka sjølv."

(Men berre i vår, usikkert om den trenden held seg vidare.)



For å leva,  
og  
for å  
OVERLEVA,  
treng vi  
HUMOR,  
mengder med  
humor.  
I alle fall  
HU mor.  
Hu mor trenger  
humor.  
Mengder med  
humor.

Helsing  
hu mor.




Steikjemann  
så godt det er med kakao!

Spesielt nå når det er  
kvitt ute,  
og iskaldt i veret.  
Varm, god kakao.

Fantastisk nå når ekspertane  
stort sett er enige i at  
den mørke,  
gode,  
fristande  
sjokoladen er sunn.  
Den gjer oss godt seier dei!  
Ikkje så mykje her i livet som kan  
samanliknast med den  
oppdaginga.


Mørk, god sjokolade...  
Rykande varm kakao...  
Ja til forskning!, og  
Ja til spesialistar!  
Eg er kjempesunn!



"Kva tid vaknar du om morgonen?",  
spurte ei interessert  
tanta.

"På bussen.", var tenåringens kontante svar.


Meir lettforståeleg kan  
vel ikkje dei til tider  
krevande  
morgontimane  
beskrivast.



Så skjørt livet er,  
så flyktig.  
Alle desse personane som var  
så sterke,  
trygge,  
solide,  
viktige,  
i starten av liva våre,  
reiser ut av Livet nå.  
Den eine etter den andre  
takkar for seg.  
Og vi takkar,  
midt oppi tårene  
og savnet,  
for at vi har fått hatt dei  
nær oss så lenge.  
Tenk;  
vi var her på jorda på  
akkurat same tidspunkt!  
Så fint...

Vi rettar opp ryggen,  
tørkar tårene,  
og smiler varmt til dei nye  
verdsborgarane,  
som jamnt og trutt  
kjem inn i verda  
med eit stort  
HYL!  
Velkommen søte baby!

Nå er det plutseleg vår tur til å væra  
den sterke,  
trygge,  
solide og viktige for desse små.



Det finst mange snille folk.

Dei seier at  
"du må gjera sånn",  
eller,  
"korfor gjere du ikkje sånn?",  
eller,  
"det er på tide du gjere sånn",  
"eg veit det vil gå deg veldig bra  
visst du gjere sånn",  
"høyr på meg, sånn..."

Det er godt meint...  
Av og til er det meg sjølv som  
forklarar andre korleis dei bør  
ordna livet sitt.  
Ekspert-uttalelsar.  
Når vi  
"ekspertane"  
ikkje er opptatt med å gi  
gode råd,  
strevar vi rundt med eigne liv,  
og prøver det vi kan å  
staka ut kursen i denne  
forvirrande verda.

Mens vi smiler inni oss,  
når vi høyrer på alle  
"ekspertane" rundt oss.

Det er godt meint.





Sol!  
Plutseleg ein soldag  
i mars.  
Mars er ikkje sommar,  
sjølv om det er sol.  
Min son på vei ut med  
ei tynn skjorta på.  
Det er jo sol!


"Ta på meir klær!",  
formaner den gode mor.

Sonen nektar sta.  
"Det er kjempevarmt ute.  
Eg vett best sjølv!"

Ut i sola med han.  
Og mora tenker irritert  
at kanskje det er på tide  
guten får sjå  
konsekvansane av å  
ikkje høyra på si kloke mor.

"Null trøst når feberer kjeme."

Feberer kom dagen etterpå.  
Og mora trøstar.  
Og ute regnar det.



Kjempestor meteoritt landa i Russland,  
skikkeleg stor.

"Få forsikring hos oss,  
vi ordner opp når uhellet er ute."  
Noke sånt seier forsikringsbransjen  
så tøft.

"Sikre alderdommen hos oss!"  
Det fristar bankane med.

Forsikring,  
bankinnskot,  
fond,  
eigedom,  
fast inntekt,  
pengar,  
stort sett pengar,  
skal gi oss trygghet.


Vi har det godt. Vi har det trygt.

Meteoritt.  
Jordskjelv.  
Tsunami.  
Trussel om kjempemessig vulkanutbrot.  
Terror.  
Krig.  
Klimakrise.

Tenk om vi ikkje hadde pengane våre,  
då hadde livet jammen vore skummelt!

## Takk til

Tomás, Lucas og Simón.  
Beklager at doke (utan å bli spurt) blei dratt med inn i bøkene.  
Men når eg skal skriva om livet, er jo doke sjølvstakt blant hovudingrediensane.  
Veldig, veldig glad i doke, og SÅ glad for at det er akkurat doke tre som er familien min!  
TAKK til nære, gode venner, som alltid er der når det trengst.  
TAKK til Oddbjørn By, bokarbeid.no  
for den goda hjelpa eg fekk i prosessen med å gje ut bøkene.  
TAKK til Mathilde Oord, MOFix Design,  
for alltid god hjelp og stor tålmodighet.  
TAKK til trykkeriet aitoso,  
for raske tilbakemeldingar og hjelp underveis.



## Takk òg til

mine foreldre,  
søsken,  
svigerinner,  
svograr,  
tanteungar,  
kollegaer,  
slekt og venner,  
kjempe folk på nærbutikken,  
katten som helsar med eit mjau når eg går forbi,  
du som fekk meg til å føla meg stor,  
du som fekk meg til å føla meg liten,  
sol,  
regn,  
alle doke som har droppa innom underveis i livet mitt,  
alt eg fekk,  
alt eg ikkje fekk,  
og til fuglane som synger så fint oppe i tretoppene.

## Takk til livet!

Litt  
uhøgtidelige  
ord og strek  
om det å  
leva.



Adelante